



Sauda kommune
Postboks 44
4201 Sauda

Kontakt saksbehandlar

Øyvind Flataker Lien, 51 56 87 58

Oversending av løyve - avslutting og etterdrift av deponi for reine massar og inert avfall - Birkeland i Sauda kommune. gnr/bnr 45/66

Statsforvaltaren i Rogaland har ferdigbehandla søknaden til Sauda kommune for verksemd ved Birkeland avfallsanlegg. Det blir gitt løyve til avslutting og etterdrift av deponiet med heimel i forureiningslova § 20 andre ledd og avfallsforskrifta § 9-15.

Samtidig blir det varsla om gebyr for saksbehandling etter forureiningsforskrifta § 36.

Vi viser til søknad frå Sauda kommune om avslutting og etterdrift av deponiet på Birkeland datert 09.11.2022. Det vises også til annan kommunikasjon i saka (vår ref. 2020/6264).

Statsforvaltaren har bestemt å gi løyve etter forureiningslova på visse vilkår. Statsforvaltaren har ved vurdering om løyve skal gis og ved fastsetjing av vilkåra lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket, samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil medføre.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

Bakgrunn

I vedtak av 26.11.2019 oppheva Statsforvaltaren løyve til mottak av reine massar og inert avfall ved Birkeland massemtak i Sauda kommune (vår ref. 2018/4036). Dette vart grunngeve med at deponiet ikkje vart drive i samsvar med reglar i avfallsforskrifta sitt kapittel 9. Deponiet si plassering i forhold til vassdrag og grunnvatn gjorde og at det vart vurdert at regelverket kunne bli vanskeleg å etterkome.

I same brev vart Sauda kommune pålagt å utarbeide ein plan for avslutning og evt. etterdrift i samsvar med forureiningslova § 20 om nedlegging og driftsstans og avfallsforskrifta § 9-15 om avslutning og etterdrift. Dette for å unngå forureining frå det nedlagde deponiet.

Søknad om avslutning og etterdrift av deponiet vart motteken 09.11.2022.



Saksgang

Førehandsvarsel

Ettersom søknaden omhandler avslutning og etterdrift av deponi, vart det vurdert som nødvendig å sende ut førehandsvarsel av saka etter forureiningsforskrifta § 36-7. Statsforvaltaren sende derfor søknaden på høyring 02.02.2023 til Sauda kommune, Naturvernforbundet i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og påverka naboar. Ingen uttaler er mottatt i saka.

Statsforvalteren si vurdering

Ei sak skal vere så godt opplyst som mogleg før vedtak blir gjort, jf. forvaltningslova § 17, naturmangfaldlova § 8 og forureiningsforskrifta § 36-2. Statsforvaltaren vurderer at saka er tilstrekkeleg opplyst for å fatte eit vedtak.

Forureiningspotensial

Forureiningspotensialet til deponiet er hovudsakleg utslepp av sigevatn og den bratte utforminga av deponiet som kan føre til utglidingar mot Storelva. Sjølv om deponiet består av reine og inerte massar, er det lokalisert nært drikkevasskjelde for Sauda kommune. Skadepotensialet ved forureining er derfor vurdert som betydeleg.

Deponiet inneheld massar som stein, grus, takstein/skifer, murstein og nokre betongrestar. Potensialet for danning av deponigass er difor vurdert som ubetydeleg. Det vert difor ikkje sett krav til oppsamling av deponigass.

Deponiet sin nordvestre del ligg innanfor NGU sitt aktsemdsområde for flaum i Storelva¹. I søknaden blir det vist til tidlegare undersøkingar som tilseier at denne risikoen er liten. Statsforvaltaren sluttar seg til denne vurderinga.

Naturmangfald

Deponiet er ein del av eit avfallsanlegg som har vore i drift i fleire tiår. Sjølve deponiområdet har derfor mindre verdi for biologisk mangfald. I området rundt deponiet, er det derimot registrert naturtypar og biologisk mangfald som er av forvaltningsinteresse.

Ved Storelva, like nordvest for deponiet, er det registrert naturtypen hagemark som er i raudlistekategorien «sårbar», samt naturtypen open flaumfastmark som er «nær trua». Det er registrert eit viltområde med observasjonar av ei rekkje sporvartar som dvergspett og kvitryggspett i hekketida i nærleiken av deponiet. Bandkorsnebb er også observert og er lista som sårbar.

Storelva er ei lakseførande elv der bestandtilstanden er sett til svært dårleg i Miljødirektoratets lakseregister². I Miljødirektoratet sin database over verna natur³, er det ingen verna tilgrensande lokalitetar

For å redusere risikoen for forureining av Storelva og skade på naturmangfaldet der, meiner Statsforvaltaren at det er nødvendig med tiltak for å trygge stabiliteten og minimere danninga av sigevatn frå deponiet. Statsforvaltaren vurderer derfor at gjennomføring av krava som er fastsett i løyve, inkludert sikring av deponiet og overvaking av sigevatn, vil styrke vernet av det lokale naturmangfaldet.

¹ [Geologiske kart | NGU](#)

² [Lakseregister innsyn \(statsforvalteren.no\)](#)

³ [Norges verneområder - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)



Vassførekomsten

Vassforskrifta fastset miljømål for vassførekomst, og deler desse inn i fem tilstandsklassar. Miljømåla i vassforskrifta § 4 inneber at tilstanden i vassførekomstane skal beskyttast mot forverring, og forbetrast med mål om å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand. Dersom tiltaket fører til at vassførekomsten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreliggje ei forverring. Miljømåla skal nås, og forverring er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta § 12.

Resipienten for deponiet på Birkeland sorteringsanlegg er Storelva (ID 037-44-R). I Vann-nett⁴ er økologisk tilstand karakterisert som «moderat», medan kjemisk tilstand er karakterisert som «god». Det er registrert punktutslepp frå søppelfyllingar til Storelva, medan påverknadsgraden er sett til «liten grad».

Basert på dei fastsette vilkåra i løyvet og samansetjinga til dei deponerte massane, meiner Statsforvaltaren at tilstanden i vassførekomsten er beskytta mot forverring, jf. vassforskrifta § 4.

Konklusjon

Med tanke på risikoen knytt til mogleg forureining av drikkevasskjelda til Sauda kommune, er det nødvendig at deponiet blir avslutta og overvaka på ein forsvarleg måte. Statsforvaltaren har konkludert med at verksemda er akseptabel sett i lys av forureiningslova sitt formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved verksemda samanhalde med fordelar og ulemper verksemda vil medføre, gir vi løyve til verksemda på nærare fastsette vilkår.

Vedtak

I vår handsaming av søknaden har vi vurdert dei samfunnsmessige fordelane ved verksemda og verksemda sitt forureiningsbidrag. Vilkår i løyvet er sett på bakgrunn av det som etter vår vurdering reknast som miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for denne typen verksemd.

Løyve til avslutning og etterdrift av deponi for reine massar og inert avfall ved Birkeland avfallsanlegg i Sauda kommune er gitt i medhald av forureiningslova § 20 andre ledd og utforma i samsvar med reglane i avfallsforskrifta § 9-15.

Varsel om gebyr

Statsforvaltaren si handsaming av søknader om nye løyver, endringar i eksisterande løyver og kontrollar i medhald av forureiningslova er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Søkar skal betale gebyr for sakshandsaminga av søknader uavhengig av om det blir gitt løyve eller avslag i saka.

Gebyrets storleik blir fastsett av forureiningsstyresmakta i samsvar med forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyra skal samla sett ikkje overstige forureiningsstyresmakta sine kostnader ved sakshandsaminga eller kontrollen. Ved fastsetjing av gebyrsats skal forventta ressursbruk knytt til sakshandsaminga leggjast til grunn.

Arbeidet med løyva er vurdert til å tilsvara **gebyrsats 6**, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Sauda kommune blir med dette varsla om eit gebyr på **kr. 38 900,-**.

⁴ [VannNett-Portal \(vann-nett.no\)](http://VannNett-Portal(vann-nett.no))



Vi ber om at eventuelle kommentarar til varselet blir sende Statsforvaltaren innan to veker etter at dette brevet er motteke.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå underretning om vedtak er kome fram, eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Ein eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringane som ønskjast. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter førespurnad eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda om spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Offentleggjering

Det blir sendt kopi av dette brevet til dei påverka i saka. Sakens dokument vil òg bli offentleggjort på Statsforvaltaren si nettside⁵.

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Øyvind Flataker Lien
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1 Løyve til avslutting og etterdrift - Birkeland massemtak - Sauda kommune

⁵ [Miljø og klima | Statsforvalteren i Rogaland](#)



**Løyve til avslutting og etterdrift av avfallsdeponi
etter forureiningslova og avfallsforskrifta
på Birkeland sorteringsanlegg**

Driftsansvarleg: Sauda kommune

Krava er gitt i medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) § 20 andre ledd, og er utforma i samsvar med reglane i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 9-15, jf. vedlegg III. Krava er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i plan for endeleg avslutting og etterdrift, samt opplysningar framkome under handsaminga av planen.

Krava gjeld frå 06.06.2024.

Grunneigardata

Grunneigar	Sauda kommune
Liggje/gateadresse	Birkelandsvegen 150, 4200 Sauda
Gards-/ bruksnr.	46/66
Kommune og fylke	Sauda kommune, Rogaland

Data driftsansvarleg

Driftsansvarleg	Sauda kommune
Liggje/gateadresse	Rådhusgata 32
Postadresse.	4201 Sauda
Kommune og fylke	Sauda, Rogaland
Org.nummer	987 991 178
Anleggsnummer	1135.0007.01

1 Ramme

Krava gjeld for deponiet for reine og inerte massar på Birkeland sorteringsanlegg. Krava gjeld for avslutningsfasen og for etterdriftsfasen.

Med avslutningsfasen meinast tida frå all deponering av avfall opphøyrer og fram til deponiet er tildekt i samsvar med krava i dette dokumentet. Avslutningsfasen kan berre reknast som avslutta dersom Statsforvaltaren har gjennomført ein sluttinspeksjon på staden, og skriftleg meldt at krava for avslutning er oppfylt.

Med etterdriftsfasen meinast tida frå godkjend avslutning og fram til det tidspunktet deponiet, i samsvar med Statsforvaltaren si vurdering, ikkje lenger kan medføre skadeverknader på miljøet og menneske si helse.

Deponiet skal vere endeleg avslutta snarast mogleg og innan **31.05.2025**.

2 Generelle krav

2.1 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå deponiet er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa held seg innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar driftsansvarleg å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom særskilde krav.

2.2 Tiltak ved økt forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale klimatiske forhold, tiltak på deponiet, eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar driftsansvarleg å iverksette dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Driftsansvarleg skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om unormale forhold som inntreff og som kan få forureiningsmessig betydning. Akutt forureining skal varslast i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining.

2.3 Internkontroll, rutinar for drift og vedlikehald

Driftsansvarleg pliktar å etablere internkontroll for avslutnings- og etterdriftsfasen i samsvar med internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at driftsansvarleg overheld alle krav gitt i dette dokumentet og relevante lover og forskrifter. Den driftsansvarlege pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Driftsansvarleg pliktar til ein kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold.

2.4 Bruk av underoperatørar

Dersom driftsansvarleg vel å gjennomføre avslutning og etterdrift ved bruk av underoperatørar, er den driftsansvarlege likevel ansvarleg for at krava til avslutning og

etterdrift av deponiet blir følgde. Driftsansvarleg er òg ansvarleg for all rapportering til Statsforvaltaren.

2.5 Oversikt over deponiet si utstrekning

Driftsansvarleg skal sørge for at deponiet sitt arealmessige omfang er avmerkt på kart. Kartet skal vere tilgjengeleg for framtidige grunneigarar og forureiningsstyresmaktene, og skal i tillegg sendast til Statsforvaltaren for registrering i fagsystemet «Grunnforurensning». Dette er eit system som blir administrert av Miljødirektoratet og som inneheld informasjon om forureining i grunnen og kvar det er mistanke om forureining i Noreg.

3 Særskilte krav for avslutning

3.1 Terrengarrondering

Deponiet si overflate og omkringliggjande areal skal arronderast på ein slik måte at det i størst mogleg grad unngår oppsamling av overvatn, og at det blir ført bort frå deponiet eller infiltrert i overdekket. Arronderinga skal utførast på ein slik måte at deponimassane stabiliserast og erosjon av deponiet blir forhindra.

3.2 Toppdekke

Toppdekke er her ein fellesnemning for dei lag med massar eller membranar som blir lagt oppå avfallet etter at deponeringa er avslutta.

Oppbygginga av deponiet sitt toppdekke skal skje på ein slik måte at stabiliteten i avfallsmassen og toppdekket blir sikra, særleg for å førebygge utglidingar. Det skal etablerast ein kunstig barriere, og denne må sikrast mot setningssskadar.

3.3 Grunnvasskontrollpunkt

Det skal etablerast ein grunnvassbrønn i utkanten av deponiet og i dreneringsretninga til drikkevasskjelda. Hensikta med dette er å kontrollere om det er avrenning av farlege stoff frå deponiet.

3.4 Krav til sigevassoppsamling

Det skal treffast tiltak for å ha kontroll med inntrenging av over-/grunnvatn i deponiet, og det skal etablerast eit system for oppsamling av sigevatn. Oppsamlingssystemet skal vedlikehaldas jamleg for å hindre tilstopping. Sigevatnet skal overvakast jf. Pkt. 5, og om nødvendig reinsast. Statsforvaltaren kan setje krav til reinsing av sigevatn dersom det er behov for det.

3.5 Overvatn

Deponiet skal avskjerast frå regn- og overvatn for å minimere risiko for forureina sigevatn.

3.6 Deponigass

Deponimassane si samansetning tilseier at danning av deponigass er usannsynleg. Det er derfor ikkje nødvendig med gassrelaterte tiltak i samband med avslutninga av deponiet.

3.7 Dokumentasjon

Deponiet skal avsluttast innan **31.05.2025**. Når avsluttinga er gjennomført, skal følgjande dokumentasjon ligge føre og sendast til Statsforvaltaren:

- a) Plan over nøyaktig plassering (koordinatar) av grunnvasskontrollpunkt (borehol). Prøvepunktet skal merkast med ei eintydig merking.
- b) Plan over nøyaktig plassering (koordinatar) av målepunkt for setningar. Alle målepunkt skal ha ei eintydig merking.
- c) Plan for overvaking og vedlikehald.
- d) Profilar for endeleg utforming av toppdekket på deponiet.

3.8 Avsluttingsinspeksjon

Seinast ein månad etter avslutning av deponiet skal driftsansvarleg sende melding til Statsforvaltaren og be om avsluttingsinspeksjon.

4 Særskilte krav for etterdrift

4.1 Kontroll av grunnvatn

Det skal tas prøver frå kontrollbrønnen kvart halvår.

4.2 Kontroll av overvatn, setningar og toppdekket

Overvatn frå terrenget skal føres utanom deponiet.

Deponiet skal kontrollerast regelmessig for setningsendringar, medan toppdekket skal kontrollerast for hull, sprekkar og erosjon.

5 Krav til kontroll og overvaking i avsluttings- og etterdriftsfasen

5.1 Krav til prøvetaking og analyse

Verksemnda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra, mellom anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemnda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemnda må i tilfelle dokumentere at særlege omsyn føreligg og at den valde metoden gir representative tal for verksemnda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstrømmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytar skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta dersom slik tenesteytar finst.
- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analysar med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametrane som er regulerte gjennom presise grenseverdier, når verksemnda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver.
- jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

Statsforvaltaren kan krevje endra omfang av måleparametrar og hyppigheit ved behov.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere føremålstenleg å etablere prøvetaking av overflatevatn. Dette er basert på at grunnforholda på lokaliteten består av lausmassar med høg permeabilitet og god vertikal drenering. Ved eventuelle endringar i utsleppsforhold kan prøvetaking av overflatevatn innførast.

5.2 Overvaking

Verksemda pliktar å sørge for vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet så lenge det etter forureiningsstyresmaktene si vurdering er nødvendig. Hensikta med overvaksingsprogrammet er å dokumentere eventuell påverknad frå sigevatn på resipientar. Overvakinga skal gjennomførast i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar TA-2077/2005.

Overvaksingsprogrammet skal omfatte grunnvatn, sigevatn, setningar, prøvetakings- og analysefrekvens i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg III. Overvakinga skal leggjast opp slik at eventuelle endringar i utsleppsforholda frå deponiet blir fanga opp.

Eventuelle endringar i programmet som ein ønskjer å iverksette i løpet av etterdriftsperioden må avklarast med Statsforvaltaren i forkant av endringa.

Dersom det oppstår mistanke om danning av deponigass, skal Statsforvaltaren informerast om dette.

Minimumskrav til overvakinga er samanfatta i Tabell 1 og beskrive nærmare i punkta nedanfor.

Tabell 1. samanfating av krav til overvaking

Overvakingstema	Frekvens
Kontroll av toppdekket	Kvart halvår
Setningsmålingar	Kvart 3. år
Kontroll av deponiets overflate	Kvart halvår
Grunnvatnets samansetning	Kvart halvår
Kontroll av grunnvassbrønn	årleg
Sigevassmengde	Kontinuerleg
Sigevatnets samansetning	kvart halvår

5.2.1 Toppdekke og setningar

Toppdekket skal kontrollerast for sprekkar, hol og erosjon minst ein gong kvart halvår. Setningsmålingar skal gjennomførast minst kvart tredje år. Hol og sprekkar skal tettast og skadar på grunn av erosjon skal utbetrast fortløpande. Setningar som medfører dammar på overflata, skal utbetrast slik at overvatnet blir ført bort frå deponiet.

5.2.2 Overvatn

Overflata av deponiet skal overvakast jamleg (minst kvart halvår) og vedlikehaldas slik at overvatn ikkje kjem i kontakt med deponimassane og dannar sigevatn.

5.2.3 Grunnvassbrønn

Det skal tas vassprøver frå grunnvassbrønnen kvart halvår. Grunnvassbrønnen skal kontrollerast minst ein gong i året (skadar, tettheit o.l.) og utbetringar skal utførast etter behov.

5.2.4 Sigevatn

Sigevassmengde blir overvaka kontinuerleg, medan samansetnaden av sigevatnet skal analyserast kvar halvår.

6 Rapportering

Driftsansvarleg skal årleg rapportere til forureiningsstyresmakta i tråd med dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjer for rapportering, jf. § 9-13 i avfallsforskrifta og krav sett i kontroll- og overvåkingsprogrammet. Rapporteringa skal skje seinast innan 1. mars påfølgjande år og elektronisk via Altinn.

Følgjande skal òg vere ein del av eigenrapporteringa:

- vurdering av analyseresultata for vassovervakinga
- vurdering av behov for tiltak i høve til vasshandteringa
- oversikt over utførte miljøtiltak
- oversikt over setningar som har inntreffa dei siste tre åra.

7 Opphøyr av etterdrift

7.1 Søknad om opphøyr av etterdriftsfasen

Når resultatet av kontroll- og overvåkingsprogrammet viser at deponiet ikkje lenger er til skade for menneske og natur, kan driftsansvarleg sende søknad til Statsforvaltaren om at etterdriftsfasen skal opphøyre.

7.2 Dokumentasjon

Ved søknad om opphøyr av etterdriftsfasen skal følgjande dokumentasjon sendast Statsforvaltaren:

- a) Oppsummering av analyseresultat/rapporteringsdata for dei fem siste åra.
- b) Risikovurdering av deponiet si påverknad på menneske og nærmiljøet og faren for framtidige hendingar som kan påverke miljøet og menneske.
- c) Skildring av tiltak for å avslutte etterdriftsfasen (riving av anlegg, fjerning av infrastruktur og gjerde, oppfylling, terrengarrondering, plantning o.l.).
- d) Revidert reguleringsplan med føresegner dersom det har skjedd endringar i løpet av etterdriftsperioden.
- e) Oversikt som viser gjennomførte avsluttings- og etterdriftstiltak.

7.3 Inspeksjon før opphøyr av etterdriftsfasen

Statsforvaltaren skal foreta inspeksjon før opphøyr av etterdriftsfasen kan aksepterast.

8 Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

Det skal til ein kvar tid liggje føre ein oppdatert beredskapsplan. Driftsansvarleg skal sørge for nødvendig beredskap i samsvar med planen for å hindre, oppdage og stanse akutt forureining frå deponiet og tilhøyrande anlegg som er omfatta av krava til avslutning og etterdrift. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som deponiet til ein kvar tid representerer og ta utgangspunkt i ei risikoanalyse.

9 Eigarskifte

Driftsansvarleg er ansvarleg for å varsle Statsforvaltaren dersom eigedommen skal skifte eigar eller ansvaret for avslutning og etterdrift skal overførast til eit anna ansvarleg føretak. Melding skal sendast så snart som mogleg og seinast innan ein månad før endringa har funne stad.

10 Tilsyn

Driftsansvarleg pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta, eller dei som denne bemyndigar, føre tilsyn med deponiet til ein kvar tid.